

Generelle vilkår – Idrettsstipend

Møre og Romsdal fylkeskommune deler kvart år ut Idrettsstipend med ei årleg ramme på 150 000 kroner. Det delast ut tre stipend og kvart av dei er på 50 000 kroner. Stipendet delast slik:

- 50 000 kroner til ein kvinneleg utøvar
- 50 000 kroner til ein mannleg utøvar
- 50 000 kroner til ein klubb

Formål

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt Idrettsstipend skal

- gi inspirasjon og motivasjon for enkeltutøvarar/individuelle utøvarar til å utvikle seg vidare i idretten sin og til personleg satsing
- gi inspirasjon og motivasjon til klubbar som har fostra opp unge talent
- gi inspirasjon og motivasjon til klubbar for å utvikle klubben anten med kompetansehevande tiltak eller innkjøp av nytt utstyr

Alle idrettsutøvarar og klubbar i Møre og Romsdal som fyller kriteria, fell inn under ordninga. Det blir gjennomført ei fagleg vurdering av søknadane, der ein hentar inn ekstern kompetanse ved behov. Tildelinga skjer gjennom kultur og folkehelseutvalet og kan ikkje klagast på.

Kven kan søke

Kriteria for utøvarar:

1. Stipendet blir delt ut til ein kvinneleg og ein mannleg utøvar innan paraidrett og idrett i alderen 16–23 år. Fyller du 16 i år, kan du søke stipendet. Med utøvar meiner ein òg enkeltutøvarar som driv lagidrett.
2. Du må ha folkeregistrert adresse i Møre og Romsdal eller vere knytt til eit idrettslag i Møre og Romsdal
3. Er du under 18 år, må føresette skrive under på ei erklæring om at du kan ta i mot stipendet
4. Du må vise til gode prestasjonar regionalt, nasjonalt eller internasjonalt det siste året. Du bør òg kunne vise til gode utviklingsmoglegheiter. Uttale frå særkrets eller særforbund bør ligge ved.
5. Som utøvar må du ta klar avstand frå bruk av dopingmiddel. Dette viser du ved å legge ved kursbevis for gjennomført «ren utøver»-kurs frå [Antidoping Noreg](#) (lenke opnast i ny fane).
6. Stipendet skal brukast til tiltak som gjer at du kan utvikle deg vidare i idretten mot eigne mål, som du òg oppgir i søknaden.
7. Stipendet kan berre bli delt ut til same utøvar ein gong.

Kriteria for klubb

1. Klubben må vere frå Møre og Romsdal.
2. Klubben må vise til god drift og eit høgt aktivitetsnivå. Klubben kan vise til gode resultat regionalt, nasjonalt eller internasjonalt det siste året.
3. Klubben må ha gjennomført og dokumentert at dei er eit «rent idrettslag» frå [Antidoping Noreg](#) (lenke opnast i ny fane).
4. Stipendet skal brukast til tiltak som gjer at klubben kan utvikle seg vidare. Dette gjeld for eksempel gjennom kompetansehevande tiltak, innkjøp av nytt utstyr med meir.

5. Mottakar av stipendet må vente fem år før dei eventuelt kan søke på nytt.

Støttenivå

Tre stipend à 50 000 kroner.

Rapportering

Stipendmottakarane skal innan eitt år etter at stipendet er motteke, sende inn rapport til Møre og Romsdal fylkeskommune. Her oppgir du kva stipendet er brukt til, budsjett og ei vurdering frå om kva betydning stipendet har hatt for utøveren/klubben.

Rapportane skal leggjast ved i saka til kultur-, næring- og folkehelseutvalet ved neste tildeling av idrettsstipend.

Vi viser òg til [veilederen Skatte-ABC hos Skatteetaten](#), for inneværende periode.

Habilitet etter forvaltningslova § 6 blir vurdert i alle ledd av saksbehandlingen.